



Bergen, 30.11.2020

HØYRINGSNOTAT TIL NASJONAL HANDLINGSPLAN FOR BEREKRAFTS MÅLA

Eg viser til invitasjon til innspel til Nasjonal Handlingsplan for berekraftsmåla (<https://berekraft.regjeringen.no/innspill/>) Dette er eit privat innspel, men byggjer på mi innsikt og mine samla erfaringar som førsteamanuensis ved Norges Handelshøgskole, styreleiar i stiftinga Kavlifondet, medlem av Stiftelseslovutvalet, leiar av Kapitaltilgangsutvalet, ansvarleg for vidareutdanningsstudiet «Bærekraftig finansiell analyse», heradstyremedlem og leiar av planutvalet i Osterøy, og gründer og leiar av Gi Gaven Videre (www.gigavenvidere.no) som på non-profit basis tilbyr digitale gåvekort som mottakar kan gi vidare til si hjartesak.

Mine innspel er kompakte og ikkje komplette, men eg søker å fokusera på sentrale tema som kanskje ikkje er dekkja av andre i same grad.

Det er grunnleggjande at ein med berekraft inkluderer alle dei 17 måla som FN definerer, og ikkje snevvar fokuset kun inn til klimaomsyn (nr. 13). Om vi skal levera kloden og samfunnet i betre stand til neste generasjon, så må alle omsyn takast med. Det betyr ikkje at alle er like viktige, men at alle må med i vurderingane.

Å nå berekraftsmåla krev innsats på mange plan, både i å forstå kva som er viktige tema, kva som er effektive handlingsalternativ, og ikkje minst å får desse gjennomført. Dette krev brei mobilisering av offentleg og privat initiativ av alle slag, ingen har einerett på å finna eller realisera dei beste løysingane.

- Målgruppe og mål: Handlingsplanen bør delast inn i fleire overordna deler som fyller ulike funksjonar:
 - *Faktaforvaltning*: Det er kontinuerleg trong for oppdatert innsikt i kva status er for dei ulike berekraftsmåla, kva tiltak som er nyttige for å nå dei og kor store «gapa» fram til ønskjeleg utvikling. Dette er i hovudsak oppgåver for uavhengige, internasjonalt påkøbla, forskingsmiljø, og må innehalda kritiske og ærlege analysar av kva som er usikkert.

- *Innsiktsformidling*: Dette er å formidla relevant og handlingsorientert informasjon til alle som har direkte ansvar for å gjera noko for å nå berekraftsmåla.
- *Tiltak* og overordna, samla politiske prioriteringar av kva som må gjerast.
- **Innretning:**
 - Lag dette materialet digitalt, søkbart, oppdaterbart og tilgjengeleg, treng ikkje noko «dokument». Det er likevel viktig å gjera språk og form allment tilgjengeleg, følgja «klarspråk»-normene og unngå spesialuttrykk så langt råd er.
 - La standardar, krav, tiltak og råd mest mogleg vera faktabasert og tilrettelagt for oppdatering. T.d. basert på EU sin taksonomi og andre internasjonale normer. Det er viktig at vi ikkje går solo med norsk normutvikling.
 - Næringsliv:
 - Standardiserte forventningar til god, bærekraftig framferd, basert på internasjonale normer.
 - Sivilsamfunn:
 - Frivillig arbeid er ein berebjelke for utvikling av eit godt samfunn, det har i seg både engasjement og energi frå folk som bryr seg. Dette gjev mangfaldig innsats i å realisera berekraftsmåla.
 - Akademia:
 - Forskingsinstitusjonane, på alle felt, må utfordrast til (og få finansiering til) å arbeida med berekraftsinnsikt og undervisning.
 - Offentlig sektor:
 - Som tenesteleverandør (skular, helse m.v.) treng ein kompetanse og anbefalingar for å sikra bærekraftig verksemd
 - Som styresmakter må berekraftsomsynet gjennomgåande fokuserast i lover, forskrifter og anna regelverk, samt i forvaltninga av desse. Det er viktig at ikkje nokon sektor får høve til å definera seg ut av dette.
- **Problembeskrivelse:**
 - Vi treng tilstrekkeleg innsikt hjå dei som tek avgjerder – og dei som skal akseptera desse.
 - Ærlege avvegingar mellom ulike omsyn, og mellom tradisjonell økonomisk vekst og forbruk, opp mot ressursdisiplin og ansvarlighet.
 - Finansiering, frå private og offentlege kjelder av forskning, utdanning, produkt/prosessutvikling, og generelt omstilling til bærekraftig nærings- og samfunnsliv, jfr. Satsingane i EU no.
 - Breie, gode politisk engasjerande prosessar som sikrar engasjement inn i politiske styringsstrukturar, frå flest mogleg.
- **Måling/rapportering:**
 - Det er viktig med balansert fokus på måling. For sterkt fokus på kvantitativ måling når ein ikkje heilt veit kva som er viktig, kan påverka fokuset uheldig.

- I arbeid med måling og rapportering er det viktig at alle sektorar er med, også offentleg forvaltning og tenesteproduksjon. Igjen er det viktig at fokus, standardar og teknikkar byggjer mest mogleg på internasjonale standardar.
- Målingsmetodikken må vera konsistent slik at den samla sett bidreg til at vi «får mest mogleg berekraft ut av kvar krone». Det inneber og at ein bør fanga opp effektane av alle sektorar sin innsats, ikkje berre offentleg eller næringsliv.
- Tiltak: Her er det nok mange forslag, men eg vil nemna nokre få spesielt:
 - Næringsliv:
 - Arenaer for dialog for å rydda ut inkonsistensar i rammevilkår, skatt, avgifter, lover og reguleringar, samt område der ulik prioritering av berekraftsmåla skaper konflikhtar.
 - Særskilt finansiering av omstilling til meir berekraftige verksemder, ikkje berre for å ta ned utslepp.
 - Delta i EU sine forventna krav til berekraftig produksjon av varer som vert importerte, alternativt påleggja toll/avgifter for å sikra dette.
 - Offentlege rammer:
 - Lovverket rundt tekniske standardar osv. må justerast til å ta omsyn til sirkulærøkonomi og bruk av resirkulerte ressursar, t.d. bygningsmateriale.
 - Plan- og bygningslov m.v. må tilpassast for å redusera unødige naturinngrep og generelt risikojusterast ut frå alle berekraftsomsyna.
 - Reglane rundt offentlege innkjøp må både gje rom for gjenbruk og resirkulering, samt innovative innkjøp som hjelpe nye berekraftskreative satsingar.
 - Rammevilkåra for finansiell sektor må både ta omsyn til berekraftskonsekvensane av lån, investeringar og forsikringsregelverk, samt ikkje stå i vegen for finansiering av innovative verksemder som særleg bidrar mot berekraftsmåla.
 - Utgreiingsinstruksar osv. som krev at ein omtalar økonomiske og administrative konsekvensar av aktuelle forslag. Desse må også omtala konsekvensane opp mot aktuelle berekraftsmål. Er aktuelt for NOU'ar og andre offentlege utgreiingar.
 - Frivillig/non-profit sektor:
 - Vi må sikra vidareføring av engasjerte organisasjonar, gjennom støtteordningar, skatteincentiv og på anna vis. Dei både samlar og engasjerer folk, får fram viktig kreativitet, supplerer annan kapasitet i samfunnet, og har gjennomføringskraft på felt som det offisielle Norge ikkje ser eller prioriterer. Berekraftsfeltet, med alle sine utfordringar, krev særleg at dette mangfaldet vert med.
 - Stiftingar er gode selskapsformer for viktige initiativ på berekraftsområdet. Då treng vi å få på plass oppdatert lovverk (NOU'en var klar i 2016!) og avklara

skattetilhøve slik at dei kan vera ei kraft i å realisera berekraftsambisjonane. Ei uavhengig stifting kan ha stor energi på viktige felt.

- Skattelova §6-50 har reglar for kva organisasjonar/einingar som kan ta imot skattefrie gåver. Dette gjev gode incentiv til privat engasjement for gode føremål, men reglane må oppdaterast:
 - Føremåla i første ledd må oppdaterast til å dekkja FN sine berekraftsmål
 - Kravet til nasjonalt omfang eller mottak av offentleg støtte (stiftingar) verkar umotiverte og står i vegen for gode, lokale initiativ på berekraftsfeltet. Det må vera tilstrekkeleg at ein ikkje har erverv som føremål og arbeider for definerte føremål.
 - Taket for frådrag til slike føremål må hevast betydeleg frå kun 50 000 kr/år. Dette er eit felt der mangfald er viktig for vi skyt på bevegeleg mål. Då er det meir effektivt med slik indirekte delfinansiering enn med direkte støtte frå det offentlege.

Eg kan gjerne ta del i ytterlegare arbeid på desse felta.

Vennleg helsing



Aksel Mjøs
Førsteamanuensis
Norges Handelshøgskole
Institutt for finans